

Saksprotokoll i Utval for opplæring og helse - 10.11.2015

Representanten **Alexander Fosse Andersen** sette fram følgjande protokollmerknad på vegner av SP/AP/KRF:

«AP, KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.»

Representanten **Roald Stenseide** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av FRP/H/V:

«OPHE er bekymret over nedtrekket i budsjettet i opplæringssektoren. Utvalget minner om at HFK har som målsetning å minske fråfallet i den vidaregåande skolen. Skal målsetningen oppnås vil tiltak kreve ressurser.

Skolene vil fortsatt ha et stort behov for midler til fornying av simulatorer og annet utstyr. Det bør vurderes å avsette egne midler til fagskolen.

Det må settes av nok ressurser for å få økt lærlinger til offentlig og privat sektor.»

Representanten **Solbjørg Marjala** sette fram følgjande oversendingsforslag på vegner av Raudt:

«Takstene ved de offentlige tannhelsetjenestene blir ikke øket, men opprettholdt på nåværende nivå.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Oversendingsforslaga frå Stenseide og Marjala følgjer saka utan realitetsbehandling.

Protokollmerknad frå Andersen følgjer saka.

Forslag til innstilling

1 a) Investeringsbudsjettet for 2016 vert vedteke med slike rammer:

	1 000 kr
Bruk av lånemidlar	1 453 500
Tilskot og refusjonar m.m.	1 745 800
Salsinntekter	5 000
Midlar frå driftsbudsjettet	100 000
SUM INNTEKTER	3 304 300
Disponert slik:	
Bybaneutbygging	560 000
Fylkesvegar	1 703 000
Andre samferdselsføremål	218 300
Kultur	3 000
Tannhelse	25 000
Opplæring	757 000
Fellesfunksjonar	33 000
SUM INVESTERINGSUTGIFTER	3 299 300
Eigenkapitalinnskot KLP	5 000
SAMLA FINANSIERINGSBEHOV	3 304 300

b) Driftsbudsjettet for 2016 vert vedteke med følgjande rammer:

Frie inntekter (skatt, rammetilskot)		6 136 800
Finansutgifter	netto	678 500
Til finansiering av utg. i investeringsbud.		100 000
TIL FORDELING DRIFT		5 358 300

Fordelt slik:

Politiske organ og administrasjon	netto	190 355
Eigedom	netto	121 000
Regional utvikling	netto	86 057
Samferdsel	netto	1 862 585
Kultur og idrett	netto	187 227
Tannhelse	netto	191 701
Opplæring	netto	2 737 515
Fellesfunksjonar	netto	-87 611
FORDELTA PÅ SEKTORANE	netto	5 288 829

Tilleggsøyvingskonto		2 471
Lønsavsetjing		67 000
TIL SEINARE FORDELING		69 471

2. Låneopptak

Fylkestinget godkjenner låneopptak på 1 453,5 mill. kr.

3. Tiltak for å bremsa veksten i lånegjelda

Fylkestinget godkjenner at 50% av framtidige rekneskapsoverskot vert sette av til finansiering av investeringar.

Fylkestinget vil trappa opp avdragsbetalinga inntil ein når nivået på nye låneopptak.

4. Stønad til dei politiske gruppene i fylkestinget og frikjøp

Gruppestønad til fylkestingsgruppene	kr	77 710
Stønad pr. representant i gruppa	kr	43 640
Frikjøp pr. representant	kr	42 460

5. Disponering av IT-løyving

Fylkesrådmannen får fullmakt til å inngå kontraktar som disponerer inntil 50% av IT-løyvingane i økonomiplanperioden.

6. Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta

Takstane ved den offentlege tannhelsetenesta vert auka med 3,5 % frå 01.01.16.

7. Kollektivtakstane

Kollektivtakstane vert fastsett slik det går fram av budsjetteftet s. 57.
Takstauken vert sett i verk frå 1. februar.

Økonomiplanen for 2016-2019

Fylkestinget godkjenner det utsende forslaget til økonomiplan.

Protokollmerknad frå SP/AP/KRF:

AP,KRF og SP kjem attende med budsjettframlegg i fylkesutvalet. Innan opplæring kjem dei tre partia til å prioritera tiltak for å auka gjennomføring og redusera fråfallet i den vidaregåande skulen.